

Med brass og bram på Karmøy.

22.09.2008



Unge kornettistar imponerte på avslutningskonserten. Sondre S. Myklebust (til høyre) hadde sin første opptreden i korps sammenheng. (Foto: Thor Inge Døssland)

18 av skulekorpsmusikantane frå Uskedalen skulemusikk kan sjå tilbake på ei lærerik helg fylt av gode opplevingar. Også dette året har dei delteke på Karmøy Brass Festival. Der var og 12 musikantar frå Husnes skulekorps og 20 deltakarar frå Rosendal skulekorps.



Eina korpset i 11-13-årsgruppa under øving. Vi ser uskedelingane Lars Andres, Bente, Eirin, Andrea, Marita, Kaja og Ingebjørg. (Foto: Thor Inge Døssland)

På festivalen var dei saman med nær 400 deltakarar i aldersgruppa 9 – 19 år frå Hordaland og Rogaland. Dei vart fordelt på tre grupper etter alder. I dei to eldste gruppene vart så deltakarane fordelt på 8 ulike korps slik at deltakarane vart fordelt på til saman 9 grupper. Gjennom helga øvde dei inn musikkprogram som vart framført

på avslutningskonserten søndag ettermiddag. Dessutan vart det arrangert slagverksseminar og masterclass for tubaistar lørdag.

I tillegg til den musikalske aktiviteten var det tid til både organiserte og uorganiserte sosiale aktiviteter. Vi nemner berre bading i Karmøyhallen, sjongleringsprogram ved elevar i Karmøy kulturskule, diskotek, bingo og stor aktivitet på fotballbanen. Trivselsfaktoren var høg alt frå starten av, og den var stigande utover i helga. Musikantane gav uttrykk for at dei var svært så fornøgde. Og det hadde dei verkeleg grunn til!! Godt innhald, god organisering og kvalitet i alle ledd er grunnen til dette.



God stemning ved middagsbordet. Vi ser Jostein, Marit Inga, Lars Andres, Bjørn, Marius, Sindre, Stian, Eirin, Marita og Ingebjørn rundt bordet. (Foto: Thor Inge Døssland)

Festkonserten lørdag kveld vert nok hugsa ekstra godt etter årets festival. Som vanleg var det det gode arrangørkorpset, Stangaland Brass, som stod på plakaten. Dei spela eit program som til dei grader traff publikum! I år hadde dei leigt inn tubaisten Eirik Gjerdevik som dirigent og solist. Den ruvende musikaren på 2,07 sette sitt preg på konserten med stor musikalitet, eit framifrå kroppsspråk og komisk talent. Erik Gjerdevik gav saman med brassbandet ein kvalitetskonsert med stor underholdningsverdi. Begeistringa var stor og superlativa kom tett som hagl etter konserten. "Skikkeleg kul konsert!". "De kunne spilt programmet en gang til og eg er sikker på det ville vært fullt i salen!" Gjennom den flotte konserten sådde dei mange godtveksande inspirasjonsfrø blant dei unge musikantane.

Det gode musikalske arbeidet som var gjort blant dei unge muskarane, vart å høyre på avslutningskonserten i ein fullsett aula søndag ettermiddag. Dei yngste muskarane, om lag 70 i talet, sette standard då dei opna med tre nummer på imponerende vis. Utan notar, men med både trygghet og stoltheit viste dei at det gror godt i dei ulike korpsa. For mange av dei var det aller første korpsopptreden i større samanheng. I denne gruppa var Sondre S. Myklebust frå Uskedalen, og tilliks med resten gjorde han ein strålende figur. Utover i konserten fulgte dei ulike gruppene opp med den eine perla etter den andre. For oss kvinnheringar vart avslutninga på konserten ekstra hyggeleg.

Før siste nummeret til det siste korpset i ungdomsgruppa vart Sebastian Torjusen frå Rosendal skulekorps presentert av dirigenten Pål Magne Austnes. Han vart deretter kalla fram til scenen. Publikum fekk så høyra ein tubaduet framført av unge, lovande og dugande Torjusen og dugande og velkjende Austnes. Då vart det endå meir "kok" i ein sal fylt av imponerte tilhøyrarar. Deretter vart korpset på scenen supplert av m.a. 8 talentfulle

ungdommar frå Rosendal og Uskedalen før dei til slutt framførte Thanks av The Youngblood Brassband i Pål Magne Austnes sitt arrangement. Fantastisk!! Den sit nok i veggane på aulaen framleis. Desse uskedelingane deltok på dette nummeret: Ingvill T. Sture, Kristine Ludvigsen, Vegard Døssland, Birgitte Hjelmeland og Bjørn Naterstad.

Heilt til slutt samlast alle musikarane på scenen til felles avslutningsnummer. Ei flott og verdig avslutning på ein strålende festival.

Av Thor Inge Døssland